



Til høyringsinstansane

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åshild Hjørnevik Vatshelle, 5557 2158

## Høyring av forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland

Fylkesmannen i Vestland skal utarbeide nytt regionalt miljøprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane for perioden 2019-2022. Regionalt miljøprogram er både eit strategidokument og inneheld dei regionale miljøtilskota. Det er forslag til forskrift for regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland (vedlegg 1) som no er på høyring. Høyringsfristen er 1. april 2019.

Regionalt miljøprogram for Vestland for perioden 2019-2022 (vedlegg 2) er eit strategidokument der Fylkesmannen har prioritert og belyst utfordringar knytt til miljøverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap med påfølgjande hovudmål, delmål og strategiar som det skal arbeidast med i denne programperioden. Prioriteringa av utfordringar i regionalt miljøprogram danner grunnlag for utvalet av tilskotsordningar i dei regionale miljøtilskota. Regionalt miljøprogram gjev òg føringar for dei kommunale tiltaksstrategiane for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL) og for klima- og miljømidlane.

Kapittel 3 i regionalt miljøprogram omhandlar dei prioriterte utfordringane knytt til miljøverdiar i jordbruket sitt kulturlandskap. Kapittel 4 er ein gjennomgang av dei ulike tilskotsordningane som ligg inne i den føreslegne forskrifta. Det er sjølv forskrifta som er på høyring, men Regionalt miljøprogram for Vestland for perioden 2019-2022 er eit viktig bakgrunnsdokument.

Landbruksdirektoratet vedtok den 23. november 2018 ein Nasjonal instruks for regionale miljøtilskudd (vedlegg 3). Den nasjonale instruksen inneheld ei fullstendig liste over moglege tilskotsordningar som kan inngå i dei regionale miljøprogramma, og instruksen set vilkår for kvart tiltak. Fylka definerer eigne miljøutfordringar med tilhøyrande strategiar, og på grunnlag av dette vel fylka tiltak til sitt regionale miljøprogram frå den nasjonale instruksen med målsetting om å gjere miljøserting i fylket mest mogeleg målretta. Den nasjonale instruksen gjev rom for at fylka for einskildtiltak kan velje kva område eller areal tiltaka skal gjelde, nedre og øvre grense for kor mykje det kan søkast på, og krav til beitetrykk/beitetidspunkt/beitelengde. For nokre av tiltaka kan eller skal Fylkesmannen utarbeide skjøtselsråd for å sikre at skjøtselen blir gjennomført slik at verdien i tiltaket blir tatt vare på eller forbetra. Skjøtselsråda inneheld ingen vilkår ut over det som går fram av forskriftsteksten.



Ved kontroll skal kommunen kontrollere om måloppnåinga med tilskotet er oppfylt, i staden for å kontrollere sjølve tiltaket som er gjennomført. Eit gjennomført skjøtseltiltak kan vere ein indikasjon på om målet er nådd, men dette er ikkje formålet med tilskotet. Eit døme på vurdering av måloppnåing kan vere å sjå om kystlyngheia sin eigenart er ivareteke etter beitesesongen. Dersom kystlyngheia er gjengrodd eller overbeita, vil ikkje formålet med tilskotet vere oppfylt.

I jordbruksoppgjeret 2018 vart det fastsett at alle fylke skal ha tilskot til bratt areal, stølsdrift i minst 6 veker og nedlegging eller nedfelling av husdyrgjødsel som tilskotsordningar i sine regionale miljøprogram.

Forslaget til forskrift er utarbeida av Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, frå 1. januar 2019 slått saman til Fylkesmannen i Vestland. Forslaget er utarbeida i samråd med Hordaland Bondelag, Sogn og Fjordane Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag og Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag.

Under arbeidet har Fylkesmannen rådført seg med ei ressursgruppe (Miljø- og kulturlandskapsgruppa i Vestland) samansett av representantar frå fagliga nemnde over, Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune, kommunane i Hordaland og Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, NIBIO Fureneset, Norsk Landbruksrådgiving Vest og Fylkesmannen i Vestland.

Fylkesmannen oppmodar om høyringsuttale på vedlagt høyringsdokument, og vi oppmodar særskilt om uttale kring følgjande:

- Søknad: er det ordningar som kan misforståast slik at bonden søker feil.
- Forvaltning og kontroll: korleis bonden kan dokumentere tiltaka sine, kor lett det er for kommunen å handsame søknaden, utføre dokumentkontroll og kontroll i felt.
- § 15 Kantsone i eng og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren og eller i vekstsesongen: Dykkar vurdering av dei prioriterte vassdraga som er opplista i kapittel 6.1; om de vurderer dette til å vere vassdrag med behov for tiltak, og om de vurderer det omkringliggende landbruket til å ha viktig påverknad på vasskvaliteten der. Kart over dei prioriterte områda vert tilgjengelege i Fylkesatlas for Vestland i løpet av veke 8, sjå fylkesatlas.no. For nærmare informasjon om vasskvalitet i vassførekomstar, sjå vann-nett.no/portal/.

**Vi ber med dette om tilbakemeldingar på høyringsforslaget. Tilbakemeldingar kan sendast til [fmvlpost@fylkesmannen.no](mailto:fmvlpost@fylkesmannen.no) innan 1. april 2018.**

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær (e.f.)  
ass. Landbruksdirektør

Åshild Hjørnevik Vatshelle  
Seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:



- 1 Utkast- forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Vestland - 2019
- 2 Utkast- regionalt miljøprogram for Vestland for perioden 2019-2022
- 3 Nasjonal instruks for regionale miljøtilskudd



## Mottakerliste:

Hordaland Bondelag	Kokstadflaten 36	5257	KOKSTAD
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag			
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANGEN
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Flora kommune	Postboks 13	6901	FLORØ
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Gaular kommune	Vadheimsvegen 15	6973	SANDE I SUNNFJORD
Førde kommune	Postboks 338	6801	FØRDE
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE



Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Sogn og Fjordane Bondelag	hafstadvegen 21	6800	FØRDE
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Selje kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Hordaland bonde- og småbrukarlag			
Balestrand kommune	Rådhuset	6899	BALESTRAND
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE